

Eksamen

01.06.2018

SSS2002 Tryggleik / Sikkerhet

Programområde:

Sal, service og tryggleik/ Salg, service og sikkerhet

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Vedlegg som skal leverast inn	Ingen vedlegg skal leveres inn.
Informasjon om vurderinga	<p>Denne eksamensoppgåva tek utgangspunkt i kompetansemål som seier at du skal kunne:</p> <ul style="list-style-type: none">• lage risikoanalysar for arbeidsprosessar og verksemder i ulike bransjar og foreslå tiltaksplanar med fysiske, manuelle og administrative tiltak for å redusere risiko• lage beredskapsplanar for verksemder• utføre livreddande og emosjonell førstehjelp og ta ansvar på ein skadestad• bruke IKT-reiskap i samsvar med krav til tryggleik og foreslå tiltak som hindrar uautorisert tilgang gjennom interne og eksterne kanalar <p>Kompetansen din i faget vert målt ut frå følgjande vurderingskriterium:</p> <p>Karakter 1-2: Reprodusere, gje att, kopiere frå læreboka Karakter 3-4: Anvende teori, forklare, gjere greie for, komme med eksempel Karakter 5-6: Vurdere, analysere, reflektere, samanlikne, grunngje</p>
Andre opplysningar	

Gym1

Gym1 er eit treningsstudio som tilbyr styrketreningsrom, spinning samt diverse gruppetreningar i sal. Gym1 har drive i 5 år og har nå vakse seg ut av sine noverande lokale. Eigarane og dei tilsette er derfor svært godt fornøgde når dei no skal flytte inn i nye og større lokale. Dette gjev dei moglegheit til å få eit større styrketreningsrom samt at dei kan tilby gruppetreninga i to salar. I tillegg til dei nemnte treningsfasilitetane, vil det nye lokalet innehalde eit kontor for dagleg leiar, ein resepsjon og eit utsal for treningsklede.

På dag- og ettermiddagstid er senteret bemanna med instruktørar. Dagleg leiar, Rita Nilsen, ønskjer at dei no skal kunne tilby kundane å låse seg inn heile døgnet for å kunne drive med styrketrening. Ho ønskjer også at det skal bli registrert kven som oppheld seg i bygget til ei kvar tid.

Det nye lokalet er eit tidlegare lagerlokale som er blitt delt inn og klargjort for Gym1. Lokalet ligg i utkanten av sentrum og har godt med parkeringsplassar. Lokalet har ingen noverande sikringstiltak, og derfor har treningssenteret behov for gode forslag til slike.

Oppgåve 1

Du skal gjennomføre ein risikoanalyse for Gym1 med fokus på fysiske, tekniske og administrative sikringstiltak. Legg sjølvvalte føresetnader til grunn der du manglar informasjon.

Du skal:

- a) Beskrive kva for verdiar som skal risikovurderast for Gym1.
- b) Kartleggje uønskte hendingar.
- c) Velje ut tre uønskte hendingar som du vil sjå nærmare på vidare i svaret ditt (d-i).
- d) Gjennomføre ei sannsynsvurdering for dei tre valte uønskte hendingane.
- e) Gjennomføre ei konsekvensvurdering for dei tre valte uønskte hendingane.

- f) Beskrive risikonivået i form av eit risikodiagram for dei tre uønskte hendingane. Du skal også forklare kva du les ut av risikodiagrammet.
- g) Komme med forslag til tryggingstiltak for dei tre uønskte hendingane.
- h) Sette opp ein grunngeven handlingsplan for innføring av tryggingstiltaka.
- i) Fortelje kort om korleis du kontrollerer effekten av tryggingstiltaka.

Oppgåve 2

Gym1 ønskjer å få til ein avtale med eit vaktelskap for innleigd vakthald.

Beskriv og grunngeve kva for vektetenester du meiner Gym1 skal bestille av dette vaktelskapet.

Oppgåve 3

Ein av kundane var sist veke utsett for ei alvorlig ulykke inne på styrketreningsrommet. Kunden trente på tredemølla da han mista balansen, ramla av tredemølla og slo hovudet slik at han svima av. Dette skjedde på dagtid mens senteret var bemanna. Dei tilsette var ikkje førebudd på dette og brukte lang tid før dei kom i gang med umiddelbar førstehjelp. Det er derfor eit stort behov for å lage og gjennomgå beredskapsplanar for denne og liknande hendingar.

Utarbeid ein beredskapsplan med fokus på førstehjelp. Ta for deg følgjande situasjon: «Ein kunde blir skada under trening».

Oppgåve 4

Gym1 har ein PC på kontoret samt ein PC i resepsjonen. Til no er det veslebroren til dagleg leiar, Rita Nilsen, som har tatt ansvar for desse PC-ane. Sist veke blei Gym1 si heimeside hacka, og Rita forstår at dei snarast må gjere noko med IKT-tryggleiken. Ho ber derfor deg om å komme med konkrete forslag til tiltak som vil betre Gym1 sin IKT-tryggleik.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Vedlegg som skal leveres inn	Ingen vedlegg skal leveres inn.
Informasjon om vurderingen	<p>Denne eksamensoppgaven tar utgangspunkt i kompetansemål som sier at du skal kunne:</p> <ul style="list-style-type: none">• lage risikoanalyser for arbeidsprosesser og virksomheter i ulike bransjer og foreslå tiltaksplaner med fysiske, manuelle og administrative tiltak for å redusere risiko• lage beredskapsplaner for virksomheter• utføre livreddende og emosjonell førstehjelp og ta ansvar på et skadested• bruke IKT-redskaper i samsvar med krav til sikkerhet og foreslå tiltak som hindrer uautorisert tilgang gjennom interne og eksterne kanaler <p>Din kompetanse i faget måles ut fra følgende vurderingskriterier:</p> <p>Karakter 1-2: Reprodusere, gjengi, kopiere fra læreboka Karakter 3-4: Anvende teori, forklare, gjøre rede for, komme med eksempler Karakter 5-6: Vurdere, analysere, reflektere, sammenligne, begrunne</p>
Andre opplysninger	

Gym1

Gym1 er et treningsstudio som tilbyr styrketreningsrom, spinning samt diverse gruppetreninger i sal. Gym1 har drevet i 5 år og har nå vokst seg ut av sine nåværende lokaler. Eierne og de ansatte er derfor meget godt fornøyde når de nå skal flytte inn i nye og større lokaler. Dette gir dem mulighet til å få et større styrketreningsrom samt at de kan tilby gruppetreninger i to saler. I tillegg til nevnte treningsfasiliteter, vil det nye lokalet inneholde et kontor for daglig leder, en resepsjon og et utsalg for treningsklær.

På dag- og ettermiddagstid er senteret bemannet med instruktører. Daglig leder, Rita Nilsen, ønsker at de nå skal kunne tilby kundene å låse seg inn hele døgnet for å kunne drive med styrketrening. Hun ønsker også at det skal bli registrert hvem som oppholder seg i bygget til enhver tid.

Det nye lokalet er et tidligere lagerlokale som er blitt delt inn og klargjort for Gym1. Lokalet ligger i utkanten av sentrum og har godt med parkeringsplasser. Lokalet har ingen nåværende sikringstiltak, og derfor har treningssenteret behov for gode forslag til slike.

Oppgave 1

Du skal gjennomføre en risikoanalyse for Gym1 med fokus på fysiske, tekniske og administrative sikringstiltak. Legg selvvalgte forutsetninger til grunn der du mangler informasjon.

Du skal:

- a) Beskrive hvilke verdier som skal risikovurderes for Gym1.
- b) Kartlegge uønskede hendelser.
- c) Velge ut tre uønskede hendelser som du vil se nærmere på videre i besvarelsen (d-i).
- d) Gjennomføre en sannsynlighetsvurdering for de tre valgte uønskede hendelsene.
- e) Gjennomføre en konsekvensvurdering for de tre valgte uønskede hendelsene.

- f) Beskrive risikonivået i form av et risikodiagram for de tre uønskede hendelsene. Du skal også forklare hva du leser ut av risikodiagrammet.
- g) Komme med forslag til sikkerhetstiltak for de tre uønskede hendelsene.
- h) Sette opp en begrunnet handlingsplan for innføring av sikkerhetstiltakene.
- i) Fortelle kort om hvordan du kontrollerer effekten av sikkerhetstiltakene.

Oppgave 2

Gym1 ønsker å få til en avtale med et vaktsselskap for innleid vakthold.

Beskriv og begrunn hvilke vektertjenester du mener Gym1 skal bestille av dette vaktsselskapet.

Oppgave 3

En av kundene var sist uke utsatt for en alvorlig ulykke inne på styrketreningsrommet. Kunden trente på tredemøllen da han mistet balansen, ramlet av tredemøllen og slo hodet slik at han besvimte. Dette skjedde på dagtid mens senteret var bemannet. De ansatte var ikke forberedt på dette og brukte lang tid før de kom i gang med umiddelbar førstehjelp. Det er derfor et stort behov for å lage og gjennomgå beredskapsplaner for denne og lignende hendelser.

Utarbeid en beredskapsplan med fokus på førstehjelp. Ta for deg følgende situasjon: «En kunde blir skadet under trening».

Oppgave 4

Gym1 har en PC på kontoret samt en PC i resepsjonen. Til nå er det lillebroren til daglig leder, Rita Nilsen, som har tatt ansvar for disse PC-ene. Sist uke ble Gym1 sin hjemmeside hacket, og Rita forstår at de snart må gjøre noe med IKT-sikkerheten. Hun ber derfor deg om å komme med konkrete forslag til tiltak som vil bedre Gym1 sin IKT-sikkerhet.



www.vigoiks.no/eksamen